

ESEL

Adelheid Dahimène-Heide Stöllinger



To gamle esel
skulle snart
feire sølv-
bryllaup. Dei
hadde levd
halve livet
saman og
delt mange
eselstrekør.

Den første
eselstreken
deira var
den med I-A:

Då dei i sin
ungdom trefte
kvarandre, hadde
begge samtidig
ropt "I-A", og
straks gifta
dei seg.





Den andre esel-
streken følgde
dei i tjukt og
tynt. Dette var
yndlingeseselstreken
deira. Kvar
gong dei skulle
krysse ein
veg, stogga dei
midt i vegen
og strekte
beina ut
framfor seg.
Når dei stod
slik, kunne inga
makt i verda
flytte dei av
flekken.









Den siste
eselstreken
var den med
det bøygde
eseløyret.
Sidan eselmannen
hadde lett for
å gløyme, laga
eselkona kuelden
for bryllaups-
dagen deira
ein brett
på det høgre
øyret hans
for at han skulle
hugse kva dag
det var.





Men kva
trur du skjedde?
Øyrespissen
stoppa til
øyregangen
hans, og sidan
det venstre øyret
var døvt frå før,
Sov han over både
kråka og hanen og
middagsklokka. Han
forsov seg djupt inn i
den neste natta.
Eselkona vart rasande
sint fordi han hadde
snorka bort heile den
store dagen. Med
eit veldig snøft
avblåste ho heile
Sølvbryllaupet.

„N-I-A, N-I-A“
skreik dei til
kvarandre.



Eselkona samla dei
eigenrådige beina sine
og forlét den gløymiske
eselmannen.

Det lange samlivet hadde
sett spor. Eselkona
hadde etter mange
famntak fått eit søkk
på halsen, akkurat
der mannen hennar
hadde ein kul.





Eselmannen kjende seg krenka. Han sette opp ei sta eselmine og sa: „Eg kan når som helst finne meg ei anna!“



Eselkona synte dei samanbitne
tennene sine og freste tilbake:
"Og ein slik som deg, kan eg finne
på kvart eit gatehjørne!"



Dei trava seg avstad for å
finne seg ein ny og' betre halvdel.





Eselkona gjekk mot sør, og det gjorde
eselmannen også.